



Saksbehandlar: Ilona Nowak

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/22	Hovudutval teknisk/næring	18.05.2022

Godkjenning av oppstart – Mindre endring av privat detaljregulering for Austre Vikse gnr. 70 bnr. 2

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kommune godkjenner oppstart av planarbeid med «*Mindre endring av reguleringsplan for Austre Vikse gnr. 70 bnr.*» planid 2019005.

Hovudutval teknisk/næring 18.05.2022:

Behandling:

Mikal Møller Hovda sa seg inhabil av di han var konsulent då reguleringsplanen blei utarbeidd og forlét møtet då saka blei handsama.
Samrøystes som framlagt av rådmannen.

HTN- 033/22 Vedtak:

Sveio kommune godkjenner oppstart av planarbeid med «*Mindre endring av reguleringsplan for Austre Vikse gnr. 70, bnr. 2*» planid 2019005.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Roald Urnes har fremja initiativ til mindre endring av reguleringsplanen for Austre Vikse på gnr. 70 bnr. 2. Han har samarbeidd med Læringsverkstedet AS for å etablere ny barnehage på Vikse og derfor har dei sett av areal som eignar seg for dette. Reguleringsplanen blei samrøystes vedteken i kommunestyret. Flytting av eksisterande barnehage frå Ekrene til Vikse blei ikkje støtta av kommunestyret, jfr. vedtak KOM 056/18 av 18.06.2018. Utdrag frå vedtaket seier følgjande:

«Sveio kommune vedtek å ikkje yte tilskot til Ekrene Gards- og Naturbarnehage ved flytting av barnehagen til ny lokalisering på Vikse, i nærleiken av Vikse skule. Avgjerda vert gjort etter Barnehageloven § 14 andre ledd. Grunngevinga er som følgjer:...»

Vedtaket har ført til at Læringsverkstedet har lagt bort planane sine om å byggja ny barnehage på Vikse. Bakgrunnen for at saka blir fremja no er eit ønskje om mindre reguleringsendring der arealføremål barnehage blir endra til arealføremål bustad.

Saks- og faktaopplysningar

Føremålet med planarbeidet er å endra arealet med barnehageføremål BBH til bustadføremål. Reguleringsendringa vil òg omfatta justering av plankart, føresegner og planskildring.

Vurdering

Ved å endra arealføremålet frå barnehage til bustad blir det signalisert at framtidig plassering av barnehage blir ein annan stad enn det som til no har gått fram av reguleringsplanen for Austre Vikse. Endringa samsvarar med intensjonen i kommuneplanen om å leggja til rette for auka tilflytting til kommunen i tillegg til at det samsvarar med målet til Sveio kommune om auka bulyst. Arealet vil difor kunna nyttast til å skapa nye attraktive bustadtomter i nærområdet til Vikse skule.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen vurderer det som positivt for innbyggjarar og tiltakshavar at endringar i reguleringsplanar blir gjort etter reglane i plan- og bygningsloven kap. 12.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- Plan- og bygningsloven, særskilt § 12-14 Endring (og oppheving) av reguleringsplan.
- Sveio kommune sitt delegeringsreglement.